



Rune Natås
Sævråsvegen 302
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1465 - 17/16960

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
09.06.2017

Løyve til oppgradering av driftsbygning - gbnr 43/1 Natås

Administrativt vedtak. Saknr: 269/17

Tiltakshavar: Rune Natås

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av 2 tilbygg med samla bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 49 m² og heving av fjøstak med 0,6 meter.

Det vert elles vist til søknad motteken 11.05.2017.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 11.05.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Tiltaket er i samsvar med arealføremål i kommuneplan som er avsatt til LNF føremål.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn uttale frå landbrukskontoret i kommunen som 31.05.2017 uttaler at «dette er eit bruk i aktiv og god drift»

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VEDTAK:



Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av kontor/kvilerom på ca 7m², overbygg for reiskap på ca 42,5 m² samt heving av fjøstak med 0,6 meter på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal oppførast som vist i teikningar levert saman med søknad, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «17/1465»

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Rune Natås

Sævråsvegen 302 5957

MYKING